

Referat frå elevråd 21.10

Tilstades; Ingveig, Viktor, Oda, Julie, Kristian Elias, Trygve og Kristin.

Sakar:

15) Mobbing og aktivitetsplikt. Fadderordning.

Rektor informerer om kva som skal skje dersom nokon vert mobba.

Fleire av elevrådsrepresentantane gjer uttrykk for at dei har hatt lite faddertid, og ynskjer meir.

16) Plakat og film av dei fem punkta elevrådet jobbar vidare med. Ingveig viser frem plakaten som elevrådet har laga, og som no skal hengast opp rundt omkring på skulen. Elevrådet føreslår å ha plakaten på inngangsdørene i tillegg til klasseromma. I forhold til filmmanus er ein i gang med fleire av desse. Elevrådet har som mål å få filma to før jul og tre etter jul.

17) Barn og unges kommunestyre (BUK). Temaet for årets BUK er årets Ungdata undersøking. Elevrådet har fått i oppdrag frå «Laget», og identifisera to viktige områder me meiner er viktige å følgja opp hos oss; Kva vil me ta vare på og korleis? Og, kva vil me jobba meir med, og korleis? Elevrådet vil jobba meir med temaet om at fleire elevar kjedar seg på skulen. Og elevrådet tykkjer det er bra at nesten alle har nokon å vera med i friminuttet, og vil jobba for å ta vare på dette.

18) Pengar frå Time sparebank. Skulen har fått muligheten til å få 15 000 kr frå Time sparebank. Men, pengane må brukast før nyttår.

- Etter eit kort, ekstra møte i elevrådet har ein bestemt seg for å gå for ei slik vippe:



Ingveig har sjekka med kommunen at dei kan setja den opp, og sendt bestilling.

-Men kor vil me ha vipa?

19) Hei Verda! Elevrådet går gjennom idèane for dei ulike klassane. Oda leiar samlinga på åpen dag, medan Julie og Viktor lagar og held ei presentasjon om Peru på åpen dag.

20) Utviklingssamtalar. Ingveig går gjennom kva punkt som står på lista til kontaktlærarane for utviklingssamtalane. Elevrådet har ikkje fleire punkt dei ynskjer på lista.

21) Elevundersøkinga. Undersøkinga er i slutten av november. Ingveig fortel at det er mange spørsmål om trivsel og læring. Skulen oppmodar alle om å svara så godt dei kan. Svare er anonyme, men det er mange som ser på resultata og bruker dei til målingar og statistikk framover, så det er viktig informasjon me får her.

Med helsing

Kristin Sando

Elevrådskontakt